

Atomberedskapsplan

<p>Tiltaksplan med utgangspunkt i overordna ROS-analyse for Meland kommune, mars 2014, kap. 5.2: Atomulukker og radioaktiv stråling.</p>	<p>Event. vedlegg/merknader:</p>
<p>1. Uønska hendingar i ROS-analysen– atomulukker:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ulukker med kjernefysiske anlegg (gul sone) 2. Uhell ved sivile radioaktive kjelder (gul sone) 3. Transport av radioaktivt materiale (grøn sone) 	<p>Hendingar i grøn sone krev ikkje tiltak</p>
<p>2. Uønska hendingar kan føre til:</p> <p><u>Ulukker ved kjernefysiske anlegg:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Radioaktiv ureining/nedfall kan gi skade på liv og helse. ROS-verdi S2/K4. • Radioaktiv ureining/nedfall kan gi miljøskader, dvs. på dyr, vatn, matvarer, landbruksproduksjon m.m. ROS-verdi: S2/K3. <p><u>Ulukker ved sivile radioaktive kjelder:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Radioaktiv ureining kan gi skade på liv og helse. ROS-verdi S3/K2. • Radioaktiv ureining kan gi miljøskader, dvs. på dyr, vatn, matvarer, landbruksproduksjon m.m. ROS-verdi: S2/K3. 	
<p>3. Rolleavklaringar:</p> <p><i>Kriseutvalget for atomberedskap</i> er det nasjonale organet for handtering av atomulukker. Dei har fullmakter til å setje i verk ulike tiltak, m.a. konsekvensreduserande tiltak i akutfasen av ei atomhending, sjå Kommunal atomberedskap – Plangrunnlaget s. 7.</p> <p><i>Statens strålevern</i> er leder og sekretariat for Kriseutvalet. Dei har døgnvakt med målestasjonar, i tillegg til varslingsavtalar med andre land med sikte på å motta tidleg varsel ved atomulukke.</p> <p><i>Fylkesmannen</i> er Kriseutvalet sitt regionale ledd og har rutinar for å samordne varslingsinformasjon og rapportering.</p>	<p>Liste over aktuelle vakttelefonar/kontaktinformasjon v/atomulukker, sjå vedlegg 1.</p>

	Event. vedlegg/ merknader
<i>Kommunen</i> skal i første rekkje oppretthalde eigen prioritert tenesteproduksjon. Kommunen skal også formidle tilpassa informasjon og syte for befolkningsvarsling.	Sjå informasjonsplan, kap. 4 i Beredskapspermen-
<p>4. Oppgåver for kommunen - aktuelle tiltak:</p> <p>Dersom kommunen mottar melding om ei mogleg atomhending som kan få konsekvensar for kommunen, vil KKL bli kalla inn umiddelbart.</p> <p><u>Aktuelle oppgåver for kommunen ved ei atomhending kan vere:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bistå politiet ved sikring av område som er eller kan bli ureina. 2. Vurdere og gi råd om opphald innandørs. 3. Bistå politiet ved evakuering av lokalsamfunn der utsleppskjelda er lokal. 4. Bistå Mattilsynet ved kortsiktige tiltak/restriksjonar i produksjon av næringsmidlar. 5. Bistå og tilretteleggje for at Sivilforsvaret skal kunne gjennomføre reinsing av enkeltpersonar. 6. Bistå Mattilsynet ved informasjon om kosthald/kosthaldsråd. 7. Stille ressursar til rådvelde for at sentral mynde skal kunne gjennomføre andre konsekvensreducerande tiltak. 8. Vurdere utdeling av jod-tablettar etter råd frå overordna sentral mynde (uavklart p.t.) 	<p>Sjå kap. 5 i Beredskapspermen</p> <p><u>Sjå vedlegg 2:</u> Oversyn over dusjanlegg i Meland kommune</p> <p><u>Bruk av jodtablettar:</u> Meland kommune er ikkje blant dei kommunane som er opplista under dette punktet i Plangrunnlaget. Avventar nærare instruksjon frå statleg mynde.</p>
<p>5. Generelle merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert vist til Beredskapsperm for Meland kommune • Det vert vist til Kommunal atomberedskap, Plangrunnlag, utkast oktober 2014. 	
Tiltaksplan utarbeidd av: Kari Anne Iversen	Dato: 11.06.15